

» Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste har ei 70% stilling i rådmannen sin stab for å arbeide med kvalitetsutvikling i skulen, innovasjon og oppfølging av driftsoppgåver som verksemdsplan, tverrsektoriell samhandling, rektormøte og regionsmøte i SR-Oppvekst (Sunnmøre regionsråd, oppvekst).

Det store arbeidet i grunnskulen er implementering av ny læreplan. I dette arbeidet er det lagt ut ulike kompetansepakkar og opplæringsløp frå UDIR som skulane skal gjennomføre. For å utnytte ressursane godt er skulane organisert i ulike nettverk, både fysisk og digitalt. Nettverka skal sikre oss gode prosessar med lik implementering av læreplan i alle skulane. Den nye læreplanen er omfattande og stiller krav til praksisendring i opplæringa. SR-Oppvekst har i tillegg lagt ut ei omfattande leiaropplæring knytt til ny læreplan for leiarane i skulen. I 2020 kjem det også ei ny opplæringslov og endringar knytt til spesialundervisning. Pedagogisk rettleiar har ansvaret for oppfølging av arbeidet knytt til bruk av spesialundervisning i skulane. Det er brei politisk og fagleg semje om at skulane skal auke bruken av tilpassa opplæring og redusere bruken av spesialundervisning.

Skulane står framfor store endringar i pedagogisk praksis og korleis opplæringa skal organiserast for våre elevar. Pedagogisk fagrettleiar arbeider dagleg inn mot skulane og støttetjenestene til skulen. Han har den faglege leiinga med kvalitetsutvikling i skulen, overordna kvalitetsplan, tilstandsrapport og ansvar for kompetanseutvikling for våre lærarar. Kompetansekrav i enkelte undervisningsfag vil gjelde frå 2025. Pedagogisk rettleiar følgjer også opp arbeidet med Kommunalt foreldreutval, som er bindeleddet mellom alle FAU og skuleeigar.

Pedagogisk fagrettleiar har 30% av stillinga inn mot forbetring av kommunal samhandling som prosjektleiar for prosjektet BTI - Betre Tverrfagleg Innsats. Det blei i 2019 gjort ei stor BTI undersøking i Giske kommune blant alle tilsette som arbeider med barn og unge. I tillegg vart det arrangert ein konferanse med påfølgjande Workshop. Det er ei eiga tverrsektorielt som arbeider med dette prosjektet. Pedagogisk rettleiar har ei sentral rolle i prosjektet Talk, tverrsektorieltprosjekt som rettar seg mot barn og unge med Asperger syndrom.

Hausten 2018 var pedagogisk konsulent konstituert som kommunalsjef, og konsulentstillinga har sidan stått vakant. Dette har medført at mange oppgåver knytta til denne stillinga måtte løysast med hjelp frå pedagogisk fagrettleiar.